



## Innkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 14.05.2020  
**Møtested:** Teams-møte - evt. kantina kommunehuset  
**Møtetid:** 13:30 - 14:30

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
047/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
048/20	Godkjenning av møteprotokoll
049/20	Orienteringssak

12. mai 2020

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/20	Kommunestyret	PS	14.05.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/412

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/20	Kommunestyret	PS	14.05.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/412

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 30.04.2020

Protokoll - Kommunestyret - 23.04.2020

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 23.04.2020  
**Møtestad:** Teams-møte - evt. kantina kommunehuset  
**Møtetid:** 13:30 - 14:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Atle Dag Utkilen	BIA	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug, møtesekretær Ketil Tjore, rådmann Liv Løvvik, kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme, kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes, kommunelege Peter Kubon, kommunalsjef service og forvaltning Thomas Lindås.

---

Austrheim 28. april 2020

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
033/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/20	Godkjenning av møteprotokoll
035/20	Meldingar
036/20	Orienteringssak
037/20	Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19

## **033/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **23.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 033/20 - 23.04.2020 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **034/20: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **23.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 034/20 - 23.04.2020 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **035/20: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **23.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Per Lerøy orienterte om status for markering av frigjerings- og veterandagen 8. mai. Austrheim kommune har delteke i markeringa i Selsøyna sidan 1992, der ein jamt over har hatt 200 frammøtte.

I 2020 er den opne markeringa avlyst, men det vert likevel ei mindre markering i Selsøyna, med kransnedlegging som vert filma og lagt på nettet. Markeringa skjer i samarbeid med Neptun-klubben.

17. mai skal også markerast, der kjem det meir informasjon i det ordinære kommunestyret neste veke 30. april.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 035/20 - 23.04.2020 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

## **036/20: Orienteringssak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **23.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Rådmann Liv Løvvik orienterte om status for Korona. Austrheim er framleis i ein venteposisjon, men ser frå andre kommunar at det kan utvikla seg raskt. På Osterøy gjekk det frå 0 til 30 smitta på tre døgn, etter at smitten kom inn i ei verksemd og spreidde seg raskt. Dette viser at det kan snu veldig raskt.

Austrheim har lagt til rette for Korona-senger på Seniorsenteret, der ein kan ta inn dei som treng oksygenhjelp. Har framleis senger på sjukeheimen i tillegg.

Kommuneoverlege Peter Kubon sa at handvaskkampanjen også slår ned vanlege luftvegsinfeksjonar, veldig lite av dette no.

Så langt "dreg ein pusten" og ser om det kjem smitte. Dette kan ligga og ulma, og vidare så tek det rundt to veker frå ein gjer ei endring i samfunnet til det slår ut i smittetala.

Det er oppmuntrande at smitten er på nedgåande, men er spent på korleis det går inn i mai. Det realistiske er at ein får ein viss smitte fordelt over tid, men det er i tråd med det som er rådet frå den norske staten.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa at Austrheim er veldig heldige som ikkje har hatt smitte inne på sjukeheimen. Ser frå andre stader at det er tungt for dei tilsette og for dei pårørende at ein får dette inn på sjukeheimen.

No er det rigga for fem senger på sjukeheimen, må bruka det siste rommet på avdelinga til personalet som skal jobba på avdelinga. Kan i tillegg ta i bruk 5-6 senger som er plasserte på seniorsenteret, deler

av rommet med skjerm Brett, enkel standard på desse plassane.

Austrheim heldt på stenging for besøk til sjukeheimen, må evt. sjå på dette med utandørs besøk utan kontakt. Ser frå andre stader at det er små marginar, det skal lite til for at smitten spreier seg.

Parallelt med dette arbeidet må ein planlegga sommarferieavviklinga, som skal gå oppe i dette. Korona tek mykje tid sjølv om det ikkje er smitte her, med rapportering, og det å skaffa materiell. Må sjekka kvaliteten på materiell som vert tilbydd, og opplever at prisane stig veldig mykje. Utstyr som er bestilt har ikkje dukka opp enno, ventar på mykje.

Må også sjå på korleis tiltaka påverkar brukarane våre, anten det er Vestlia eller sjukeheimen. Har opna arbeidssenteret og slepper inn 1-2 brukarar i slengen der, for å gje eit tilbod om aktivitet.

Rådmann Løvvik sa at det er brukt 2.126.300 kroner så langt til materiell og arbeidskraft til Korona, sidan mars.

Ventar med opning av kulturskule til ein har med seg erfaring frå skular og barnehage. Er elles uroa for at folk trur at alt er over no, for det er det ikkje.

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug sa at oppstart barnehage frå 20. april var krevjande, men med færre barn enn venta har det gått bra. Kortare opningstid hjelper til at ein får dette til å gå rundt. Oppstarten har vore god, og borna har fått ein god tilbakegang til kvardagen.

Førebur no ny oppstart i skulane, først 1. til 4. klasse frå 27. april. Smittevernomsyn ligg til grunn for drifta i skulen, og kan starta dagen til ulike tider og liknande. Legg opp til å bruka mykje tid ute både i barnehagar og skular, og innfører elles ulike tiltak som å ikkje dela instrument/materiell/verktøy, ha gym ute og ikkje i gymsalane, med meir.

Kommunalsjef service og forvaltning Thomas Lindås sa at det er ein del ekstra arbeid med reinhald, med skular og barnehagar som skal vaskast meir enn før. Når skulane no opnar igjen så kan ein ikkje opna alle andre kommunale bygg før ein har tilstrekkeleg materiell og personale til å halda reint.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om kor mange som er testa for Korona, kva som er testkapasiteten, kva som er utfordringar med forsyningar av materiell, og om kommunen har eige vaskeri.

Kommunelege Peter Kubon svara om testing at Austrheim har testa 38 personar, og har kapasitet til å testa fleire. Dette omfattar også nokre som uansett skulle testast for andre ting, der ein har lagt med Covid-19 i tillegg. Når testinga vert på andre kriterier og analysekapasiteten er betre, så skal dette i nær framtid kunna aukast opp. Har ei avgrensing i dag på tilgang til testutstyr, men når sjukehusa no utvidar analysekapasiteten ventar kommunelegen at det er fleire testkit tilgjengelege.

Kubon sa vidare at ein må forventast auka spreiding når samfunnet opnar opp igjen, og det vert viktig å testa for smitte og ha kontroll på dei som er i nærleiken, jamfør Smitteappen som er lansert. Er uansett opning for at ein kan testa utanom kriterier når legen meiner at det skal gjerast.

Om materiell og vasking svara kommunalsjef Monika Kvamme at kommunen vaskar uniformer og bebuartøy på sjukeheimen, elles er det Aufera som tar resten. Smittevernsfrakkar er stort sett eingongsmateriell, og vert ikkje vaska. For materiell elles sjå over.

Reidar Ulvøy (Ap) takka for god informasjon og handteringa som er gjort av denne situasjonen frå administrasjonen, det er profesjonelt gjennomført!

Rådmann Liv Løvvik viste til at korpsa har spurt om øvingslokale. Det har ikkje kommunen tilgjengeleg, seniorsenteret har ein tatt til andre føremål, og skulane har stengt gymsalane og har gym ute. Kan ikkje opna andre bygg enno, har ikkje reinhaldsressurs til dette sidan ein brukar meir på barnehage, skule og sjukeheim der det må vaskast oftare pga. Korona.



Kommunen vurderer å henta inn ein vikarlege, dette skjer i samarbeid med Fedje kommune.

Det har komme ein statleg rettleiar om at ein kan ta fullt betalt for barnehagetilbod også ved redusert plass på grunn av redusert opningstid som i dagens situasjon.

Rådmannen sa vidare at kommunalsjef Monika Kvamme har vidaresendt til Fylkesmannen ei sak på dette med heimhjelp til innbyggjarar frå andre kommunane, Austrheim har ikkje kapasitet til å ta på seg dette no.

Rikke Heldal Hope (H) sa om korpsøving av med tømning av spytt frå instrument er det risiko for smitte, så øving bør skje ute.

Rikke Heldal Hope (H) spurte om det vert teke kostpengar i barnehage no, her svara kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug at det ikkje er kostpengar så lenge ein ikkje har matsservering.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 036/20 - 23.04.2020 - Vedtak:**

Orienteringane vart teke til vitande.

---

### **037/20: Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek «Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19».

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

Kommunestyret vedtek «Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19».

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

#### **23.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Retting skrivefeil, forskrifta har denne tittelen foreslått av:

Kommunestyret vedtek «Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19».

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

Kommuneoverlege Peter Kubon orienterte om saka. Kubon viste til at det er ei utfordring som står att etter at ein opna camping-/ bubilplassar, og det er sanitæranlegga ved desse. Det er utfordrande å halda reint og føra oppsyn med desse. Kommunen har vore i kontakt med dei som driv desse anlegga, og det har allereie stengt desse på eige initiativ. Kubon har konkludert med at det rett å stenga sanitæranlegga inntil vidare, men det er mogleg å vera her med bubil eller båt utan å ha sanitæranlegg ope.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om den kommunale tømmestasjonen er open.

Peter Kubon svara at tømmestasjonen er open, dette er dei private anlegga i Kilstraumen og i Njoten.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at han støttar ei stenging.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det har komme mange bubilgjester til kommunen sidan måndag 20. april då dette vart opna. Gjester til kommunen er hjarteleg velkomne så lenge dei følgjer smittevernreglane. Lerøy la til at Kilstraumen skal opna igjen forsiktig frå 23/4, etter dei råda om smittevern som smittevernlegen har gitt. Det er då ikkje buffé, men middagsservering.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at det er vist til at det er vanskeleg å oppretthalda smitteverntiltak ved sanitæranlegg, og spurte om kva som må gjerast for at det skal vera ope.

Peter Kubon svara at om ein skal opna så må det vera reingjort mellom kvar enkelt brukar. Det er mogleg, men det krev mannskap. Ser at det lett at hadde blitt dårleg gjennomført om det skulle bli opna for dette.

Hardy Petersen (Ap) viste til at det er tilsvarande i Kvam Herad, Hardangerfjord Feriesenter med meir. Sanitæranlegg ved private og kommunalt er stengt, men den kommunale tømmestasjonen er open.

Inger Lise Brekke (H) spurte kor lang tid stenginga skal vara?

Peter Kubon svara at det bildet som er i dag vil vara i månader framover. Ser ikkje for seg at det skal bli betre på kort sikt, det er ikkje signalet frå Staten eller andre. Når me har eit anna smittepress enn i dag er det ingen som har interesse av å oppretthalda dette lengre enn høgst mogleg, for dette er eit tilbod som ein eigentleg vil ha på plass. Har oppnådd mykje med det som allereie er gjort av smittevernstiltak, no må ein vera føre var og ta vare på det som ein alt har oppnådd.

Den overordna statlege tilrådinga er også at ein skal unngå unødvendige feriereiser. Strekker det allereie opp mot det rådet, ein stor aktivitet av bubilar går ikkje opp mot dette med unødvendige feriereiser, det er litt meir mot normalisering enn det som strengt tatt er ønskeleg.

Desse sanitæranlegga er ein av dei plassane der ein kan ha ukontrollert smitte. Når tømmestasjonen er open er det pga. at alternativet kan vera at tømninga skjer ustrukturert.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at forsiktig opning skal me ha, men støttar fullt ut at ein skal vera konservativ i denne situasjonen.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho synest at kommunestyret skal setja ein dato på dette, evt. heller ta ei ny vurdering når denne datoen nærmar seg. Kva meiner smittevernlegen er naturleg å setta som dato om ein skal gjera det?

Per Lerøy (Ap) la fram at ein kan setta 14. mai som dato.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han ikkje ser kva ein er ute etter med ein sluttdato. Om smittevernloven tilseier det så kan ein heva dette vedtaket. Det vert like feil å seia 14/5 som å seia til jul, ein veit ikkje meir den 14/5 enn me gjer i dag. Å følgja smittevernlova er det tryggaste me gjer.

Peter Kubon sa at med lite utanlandsreiser i år, må ein forventa at bubil/camping og båt vil ta seg opp. Slik staten meiner det, etter slik eg forstår, kjem dei ei smittebølge nummer to. Ein har vore veldig heldige både her og i Alver så langt, men det er andre område i landet med betydeleg smittepress, og ein kan venta større press mot oss i månadene som kjem. Dei overordna betraktningane er at Korona-situasjonen ikkje er over med det første.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at ein slutt-dato skapar ei forventning om kommande opning mellom turistar, og legg press på dei som driv dette om at dei på kort tid skal opna opp. Forskrifta er heilt likt det som ligg i Alver kommune. Vil ikkje setja ein frist på 2-3 veker, og heller følgja det som kommunelegen har sagt.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er gode argument som kom fram. Om KKL tar dette med seg i dei vidare møta er det inntil vidare som gyldigheit.

Per Lerøy (Ap) sa at KKL vil ta denne forskrifta med seg i møta framover.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 037/20 - 23.04.2020 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek «Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19».

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

---



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 30.04.2020  
**Møtestad:** Teams-møte - evt kantina kommunehuset  
**Møtetid:** 18:00 - 21:15

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Atle Dag Utkilen	BIA	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft, kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug, møtesekretær Ketil Tjore, rådmann Liv Løvvik, kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme, kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes, økonomisjef Olav Birger Andersen, kommunalsjef service og forvaltning Thomas Lindås.

---

Austrheim 5. mai 2020

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
038/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/20	Godkjenning av møteprotokoll
040/20	Meldingar
003/20	Kommunale biler og transportbehov
041/20	Orienteringssak
042/20	Budsjettoppfølgning per februar 2020
043/20	Dagsturhytte i Austrheim kommune
044/20	Prikktildeling Kilstraumen Brygge AS
045/20	Skilting Vardevegen
046/20	Endring - ny varamedlem forliksrådet

## **038/20: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 038/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **039/20: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Møteprotokollen frå sist møte var ikkje med i utsendinga.

Det kjem to protokollar til neste møte.

### **KS - 039/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå førre møte kjem opp til godkjenning i neste møte.

---

## **040/20: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om prosjekt som Austrheim kommune hadde meldt inn som moglege tiltak i samband med å auka aktiviteten under Korona-pandemien, jamfør meldinga "Pressemelding - Gryteklare motkonjunkturtiltak - KS Vestland". Her var Austrheim tidleg inne med å melda på tiltak. Dette er tiltak som er ferdig planlagde, og som raskt kan leggest ut på anbod.

Reidar Øksnes (Sp) etterlyste kvifor strekket forbi Kuneset ikkje var med, dette er fylkesveg 568 frå rundkjøring fylkesveg 565 og nordover forbi Heiane-feltet.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at i Heiane-planen (reguleringsplan) er det strekket som Reidar Øksnes peikar på med, i Heiane-planen er det regulert ny veg frå rundkjøringa og til krysset i Finnsvågen.

Reidar Øksnes (Sp) sa at Austrheim bør ta diskusjonen på om planlegging av sjøareal skal delegerast til interkommunalt planmiljø. Øksnes sa at han registrerer at kommunen framleis skal gjera eige vedtak, men etterlyste kva strategi kommunen har på kva ein vil gjera med sjøarealet.

Per Lerøy (Ap) svara at det er viktig at kommunen får ein plan på dette arealet, og ikkje er så langsame at ein får ein plan som ingen er tente med. Ein kan få tredd ein plan frå fylket ned over hovudet, det har skjedd andre stader der kommunane som var sterkast berørt seinare protesterte og saka enda hjå departementet til endeleg avgjerd.

Reidar Øksnes (Sp) presiserte at han ikkje vil stoppa opp planarbeidet, men ba om at kommunen brukar tid til å tenka seg om. Saka er spesiell for Austrheim, som har ei kystlinje som ein ikkje finn elles i Nordhordland.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at det framleis er opp til kommunestyra i den enkelte kommunen om dei vil godkjenne planen for sitt område. Toft er elles medlem i gruppa, og dei er i gang med arbeidet.

Per Lerøy (Ap) sa at ein uansett deler sjøområde med nabokommunar og må samhandla med dei. Hensikten er å få ein felles plan for å sikra at det ikkje er enkelte som får føremoner medan andre berre får ulemper. Det er viktig med ein felles plan, men dette er eit forprosjekt til arbeidet.

---

Rådmann Liv Løvvik orienterte om Korona-situasjonen. Over helga kjem det informasjon ut til dei tilsette i kommunen om korleis det vert framover med ferie, der arbeidsgjevar har styringsrett. Har godt samarbeid med dei tillitsvalde.

Løvvik sa vidare at det var eit godt møte med næringslivet på Mongstad torsdag 30. april. Det er etablert kontaklinjer, og planlagt for testing av utanlandsk personell som vert henta inn der for å jobba. Dette med auka aktivitet på Mongstad er også tatt opp i møte med Fylkesmannen, med tanke på få tilstrekkeleg materiell til testing og smittevern, og Fylkesmannen har lova å ordna dette.

Per Lerøy (Ap) viste til at det i har vore møteaktivitet mellom kommunane Alver og Austrheim, som munna ut i nemnde møte med dei største bedriftene på Mongstad. Elles har det komme spørsmål frå innbyggjarar om bruk av smittevernutstyr til dømes når heimhjelpa er heime hjå folk, her er svaret at ein ikkje har tilstrekkeleg med smittevernutstyr som munnbind til å bruka det over alt, men vurderer individuelt, og elles brukar handvask/handsprit. Det har komme nye retningslinjer om testing, men kommunen ventar på testmateriell til dette.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om oppstart for skule og barnehage etter stenging under Korona. Dette har gått veldig fint i Austrheim. Fjellhaug orienterte om kva som er gjort, som orienteringar av tilsette i skule og barnehage, tilrettelegging av lokala og etter kvart oppstart. Ser at i barnehage møtte det fleire i veke to no som skulane også har opna. Tilbakemeldinga frå skulane er at alle har møtt til denne veka. SFO er det ikkje så mange som har brukt, varierer litt frå dag til dag. Smittevernomsyn gjer at ein har redusert opningstid så langt. Har vore heldige med bra ver så langt, slik at borna kan vera ute, men det kan komma utfordringar om det er ikkje mogleg å vera ute

så mykje som no. For Austrheim har oppstarten vore god, med all honnør til dei tilsette som har lagt ned god innsats.

Ventar på revidering av statleg rettleiar for smittevern, det vert utfordrande om alle skal tilbake på skulen dersom avstanden skal vera like stor so no. Ikkje berre å ha elevane på skulen annakvar dag, for då må ein vaska heilt ned mellom kvar gruppe.

Rådmann Liv Løvvik sa at kommunen har ei varsam opning etter stenginga, og har sagt nei til korps og andre brukarar. I samband med Korona er det også lyst ut ei tredje legestilling i kommunen.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa at det er rigga fem Koronasenger på seniorsenteret, og så har ein fem senger på sjukeheimen i tillegg. Det er seks rom på sjukeheimen, men det sjette må brukast til personalet som skal jobba på avdelinga. For sengene på Seniorsenteret står det enno mykje att å gjera med oppsett av bemanning og rigging av toalett/pauserom. Bygget var det beste alternativet ein kunne rigga når Korona-situasjonen oppstod. Det er laga rutinar som dei tilsette skal bruka på heimebesøk i tilfelle smitte, og det daglege forbruket av hanskar og handsprit er høgt. Erfaringa så langt er at det er mykje tyngre å jobba med smittevernutstyr på seg. For smittevernutstyr skal kommunen klara seg nokre dagar på det ein har, og er lova meir frå Helse Bergen om smitten skulle komma. Skal også ha fleire testkit for Korona, når ein etter kvart skal kunna testa fem prosent av befolkninga kvar veke.

For brukarane av tilpassa arbeidsplassar aukar kommunen opp tilbodet litt, to på Aufera denne veka og tre neste veke, og skal ha nokre i sving på Austrheim arbeidssenter.

---

Reidar Øksnes (Sp) tok opp at politikarane gjerne kan vera meir tydelege på korleis ein vil at ulike prosessar skal gå, med tanke på saker som til dømes Dagsturhytte i Austrheim. Naturvernforbundet Nordhordland har fått kritikk, men fortener også honnør mellom anna for å ha skaffa midlar til Øksnesmarka og tidlegare på Lerøy. Ordførar Per Lerøy (Ap) presiserte at han ikkje kritiserte Naturvernforbundet, men det han ville ha fram var at det berre var dei som hadde engasjert seg.

Øksnes held fram og sa at som ei vidareføring av dette skulle ein gjerne etablert eit råd der ein kunne møta dei frivillige organisasjonane, for å sikra at ein nådde fram til alle desse i eit eige fellesskap, med leiar som kommunen kunne kommunisera med. Dette kunne bli ein interesseorganisasjon som kan komma med kommentarar til ulike ting, som planstrategi med meir.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at dette vart innført som ei fast ordning, med møte ein gong i kvartalet med fast leiar og sekretær. Få det inn i ein struktur, og få med alle aldrar i gruppa.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at ein gjerne kan samla idrettslag og frivillige på denne måten som Lerøy skisserer.

Hardy Pedersen (Ap) viste til at Kari Utkilen tidlegare har invitert til denne typen møte i enkelte saker, også ungdomsklubben/Anita Soltveit har vore engasjert.

---

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa om arbeidsløysesituasjonen, at 81 prosent av elevane ved Austrheim vidaregåande skule som skulle ha læreplass frå hausten, har fått det. Skulen er i gang igjen no med ein del elevar, etter god hjelp frå helsesjuepleiarar.



---

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa om Vardetangen, her må det skiltast betre frå hovudvegen. Her ligg det ein del arbeid i dei kommunale arkiva som er gjort, med nokre løyve som det må jobbast vidare med. Rådmann Løvvik svara at dette bør gjennomførast, og gjerne få eit folkehelsekart med merking etter kor vanskeleg det er gå dei ulike turane i kommune.

---

Handsaming i kommunestyret:  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 040/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

-----

### **003/20: Kommunale biler og transportbehov**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet/Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

#### **19.03.2020 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, gjekk gjennom status for kommunale kjøretøy, med status i dag og kva som er behovet framover. Kommunestyret sa i budsjettvedtaket 12. desember at Austrheim skal ha mest mogleg elektriske kjøretøy, Myrmel sa at heimetenesta i alle fall må ha ein bil som går på fossilt brensel med tanke på beredskap ved straumbrot.

Heimetenesta har i dag ei blanding av elbilar og varebilar, per no har elektriske varebilar på marknaden for kort rekkevidde. Å bruka eigen bil i heimetenesta er ikkje bra, med tanke på smittesituasjonen.

Med tanke på transporten ein kjører for tilsette ved Aufera på Manger skulle kommunen hatt ein åttesetar, for å sleppa å kjøra med to bilar.

Generelt sett ser ein at mindre bilar bør skiftast etter 5-7 år, etter dette går vedlikehaldsutgiftene raskt oppover.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - 003/20 - 19.03.2020 - Vedtak:**

Formannskapet/Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

#### **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, gjekk gjennom saka. Myrmel lista opp kva kjøretøy kommunen har i dag, fordelt på elektriske, hybrid og diesel. Heimetenesta sine kjøretøy er modne for utskifting, men ser ikkje at det er tilstrekkeleg rekkeviddekapasitet på det som er tilgjengeleg av elbilar på marknaden i dag. Må også ha noko kjøretøy med fossilt drivstoff i beredskap, med tanke på lengre

straumstopp.

Kommunen har kartlagt behovet for transport i ulike einingar. Har behov for fleire bilar av ulik kapasitet, og det er ikkje heldig å bruka private bilar. Mange av dagens kjøretøy er slitte, og ein ser at mange av dagens kjøretøy bør skiftast innanfor ein syklus på 5-7 år.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein må følgja tett med på kva som er tilgjengeleg av batterikapasitet og laste/drakapasitet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at for heimetenesta vert batteria lada ut og rekk ikkje lada opp, slik at kjøremønsteret er eit hinder for å ha elbilar. Bør heller ha hybrid slik at ein er sikker på å komma seg fram. Då kan ein komma ned i utslepp, men ha rekkevidde. Kanskje bør kommunen også få hurtigladar?

Rolf Henning Myrmel svara at det er OK å skifta til elbil når teknologien er klar. For til dømes varebilar er dei ikkje dekkande per i dag med batterikapasitet på ein kald dag.

På spørsmål frå Atle Utkilen sa Myrmel at ein er i kontakt med forhandlar for sal av minibussen kommunen eig. Om dette sa ordførar Per Lerøy (Ap) at minibussen ikkje har vore klar for sal så lenge, den måtte EU-godkjennast først, og vart klar akkurat i det Korona-situasjonen slo inn over landet.

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at ein også vurderte ny dieselbil og dieselhybrid ved kjøp av nye bilar.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein tar med seg ei vurdering for avhending av kjøretøy som ein skal fasa ut. Når det kjem ei sak om dette, bør vera ein plan med ein bil inn - ein bil ut. Elles, kva med å frakta minigravar og slikt med kommunen sin traktor?

Handsaming i kommunestyret.

Samrøystes vedtak om rådmannens framlegg til vedtak.

#### **KS - 003/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

-----

#### **041/20: Orienteringssak**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka om masseuttak ved Leirvågkrysset. Entreprenør Odd Haugen har teke ut massar frå eit areal som er friluftsområde, og som er eigd av kommunen. I alt er det teke ut massar frå om lag ein dekar av friluftsområdet ved Ekornsåta.

Det er avklara at entreprenør Odd Haugen no kjem inn med ein oppdatert søknad for heile masseuttaket, ved hjelp av Arne Haugen, med ein plan for korleis ein kan tilbakeføra friluftsområdet ved Ekornsåta.

Kommunen skil mellom korleis ein ser på dette som grunneigar, og som forvaltingsmynde.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han har tillit til at rådmannen og staben tar denne saka på ein god måte. Dette er ei administrativ og ikkje politisk sak så langt.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det vart orientert om denne saka sommaren 2019 i formannskapet. Synest det har tatt lang tid å komma dit ein er no. Kommunen er kunde hjå denne entreprenøren. Her er det kanskje brukt massar i mellomtida som både kommunen og andre har betalt for. Dette er ikkje bra, og ser ikkje bra ut. Må synleggjera at dette ikkje er ein måte å gå fram på.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at straks kommunen vart orientert om saka, så vart formannskapet orientert, i august 2019. Saka vart drøfta i administrasjonen, hadde møte med Odd Haugen, og hadde oppmålingsingeniør ute for å måla opp. Administrasjonen sende ut skriv i november 2019, men fekk eit litt tynt svar. Ute med nytt skriv i april 2020, med frist til 1. mai med krav om betre svar på kva kontroll entreprenøren har på kva han tek ut. Jobbar så langt forvaltingsmessig for å løysa dette, i neste omgang skal ein sjå på det økonomiske opp mot massar som er teke ut.

Per Lerøy (Ap) ba om at politikarane vart løpande orientert om det som skjer i saka.

Rådmann Liv Løvvik stadfesta at politikarane skal bli orienterte undervegs. Og la til at saka skal handsamast etter forvaltingsmessige reglar.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det må ryddast opp på ein profesjonell måte. Er det gjort feil så er det gjort feil, men det må ryddast opp på ein god måte.

----

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, og fleire, svara ut spørsmål frå Bygdelista:

Utleige av kommunale bustadar, reglar og rutinar. Thomas Lindås sa at det er ei gruppe som jobbar med dette, med tilsette frå helse, nav og teknisk. Det er personar som ein pliktar å skaffa bustad. Om kommunen ikkje har, så går ein ut på bustadmarknaden. Brukar alltid husleigekontrakt. Jobbar med tydelegare og betre rutinar, og ser på eit meir tenleg butilbod for dei som måtte ha ulike utfordringar. Kjem tilbake til politisk med vidare orienteringar i denne saka.

Atle Utkilen (Bygdelista) spurte om korleis ein føl opp klager på kommunale bustader.

Thomas Lindås svara at det ikkje er skriftlege rutinar, men tek tak og prøver å løysa dette i dei sakene der det er utfordringar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) følgde opp med å seia at han som ordførar har avtale med naboar til ein del utfordrande leigetakarar, der han formidlar melding vidare til politiet for å få ei tett oppfølging. Det er ei utfordring når kommunen skal sikra tak over hovudet for alle, også om det skulle vera rus eller psykiatri. Austrheim treng bustader som er meir tilpassa brukarar av denne typen, med ei plassering som ikkje øydelegg nabolaget. Har fått gode tilbakemeldingar på at ein er tett på.

Leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om arbeidet med vassutbygging Vardetangen – Utkilen. Kommunen skal snart ha ut anbod på dette arbeidet, så snart ein får ei avklaring frå hamnevesenet. Prosjektering har ikkje vore ute på Doffin-basen, men er sendt ut til utvalde selskap. Dette prosjektet vert gjennomført etter forsyningsforskrifta, og då kan ein gjennomføra prosjekt inntil 65 millionar utan å legga ut på Doffin. Jobbar også med digitale vassmålarar, Caverion er i gang med dette, men fekk ein stopp under Korona.

Atle Utkilen (Bygdelista) spurte om kvifor det er sagt tidlegare at det skulle ut på Doffin, når det ikkje

har skjedd. Myrmel beklaga at dette har vore feil formidla, og sa at ein også i utlysinga av sjølve arbeidet heller vil gå til tre utvalde entreprenørar heller enn Doffin. Ser for seg at Nordhordland er nedslagsfeltet for denne utlysinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at med 8,8 prosent arbeidsløyse i Alver og 8,6 i Austrheim så er det rett å gå ut lokalt med dette. Er sterkt oppfordra frå Staten og KS om at ein må setta i gang arbeid for å få opp sysselsettinga.

Rådmann Liv Løvvik viste til at for kvar prosent arbeidsløyse så kostar det kommunen rundt ein million kroner på årsbasis.

Leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om tips om mogleg utsleppet i Blodvika. Det var tidlegare påstått at det var lekkasje på kloakkleidningen i Blodvika, og kommunen leigde inn ROV for å sjekka leidningen frå Åråsvågen og utover. Dette vart gjort medan ein kjørte pumpene. Myrmel kan ikkje sjå at det som er fotografert av krusningar på sjøen kan vera utslepp. Kommunen hadde for nokre år sidan ein lekkasje, men det var på land like nedanfor reinsstasjonen. Sjøleidningen er ein så sikker som ein kan vera, på at er tett. Om det skulle lekka i leidningen frå reinsstasjonen, så ville ein også sett dette i massane ein tar ut i reinsstasjonen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at Åråsvågen er eit viktig innsigs plass for mellom anna sild og makrell, det kan gje krusningar på sjøen.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om kva djupn leidningen ligg på. Myrmel svara at leidningen slepper ut på 35 meter, kravet er 30. Utover Åråsvågen ligg leidningen på ulikt djupne. Der det er snakk om utslepp så er det 5-7 meter djupne. Kommunen har ROV-bilde og er trygge på at det ikkje er utslepp. Eit utslepp ville ha skjedd kvar gong pumpene startar.

----

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa om reguleringsplanen Austrheim kommunesenter 2005/004, at denne er godkjent av kommunestyret 29. juni 2005. Administrasjonen har leita i arkivet og kan ikkje finna prov på at den vart kunngjort, men det er ikkje noko som tilseier at det ikkje skjedde. Dette var midt i perioden med flyttinga til nytt kommunehus, og dokumentasjonen kan ha komme vekk. Etter 2005 er det godkjent fleire planar innanfor dette området, som den rundt Årå skule og idrettsparken i 2015. Seinast var reguleringsplanen for Breidvik/Åråsvågen/Sætre marka godkjent i mai 2018, og stadfesta 20. februar 2019 av Fylkesmannen i Rogaland. Frå det opphavlege planområdet frå 2005 er det berre eit mindre område som står att av dette arealet, og administrasjonen vil ta opp planlegging av dette arealet i 2021 om politikarane ønskjer det.

Ordførar Per Lerøy spurte og fekk stadfesta frå administrasjonen at planen var samrøystes godkjent i kommunestyret i 2005, og at Fylkesmannen har styrt etter denne planen for seinare dispensasjonar.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at det er uomtvista at planen var på høyring og er vedteken, det er berre spørsmålet om evt. kunngjering i lokalavisene som ikkje kan dokumenterast.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er bra at ein tar for seg det som er att av dette arealet.

Atle Utkilen (Bygdelista) viste til eit referat frå Strilen i 2007, og sa at om planen ikkje er kunngjort kan ein ikkje bruka det lovverket som eksisterer. Synest ein skal prioritera å få gjort noko med denne planen.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at ein må prioritera å få på plass ein ny plan som også omfattar det området som kanskje ikkje vart kunngjort. Kommunen har uansett styrt etter denne planen sidan 2005, der partar og naboar har hatt høve til å klaga. Ser ut for at folk har kunna bruka planen på ein høveleg måte.

Atle Utkilen spurte om utbygginga av Vestlia. Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at det var før hans tid

i kommunen, men sidan har dette arealet komme inn i Breivika-planen.

Rådmann Liv Løvvik sa denne typen spørsmål er det vanskeleg å ta på sparket, særleg når ein ikkje har jobba med dette sjølv.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om det var andre som kjente til at det var utfordringar under utbygginga av Vestlia. Til dette svara Helge Dyrkolbotn (KrF) at han ikkje kan hugsa at det var noko, men at ein no uansett må ein sjå framover. Dyrkolbotn sa vidare at det kan vera at det vart gjort noko feil i 2005, men no må ein jobba for å få ein god plan for kommunesenteret, som kan fungera i mange år framover.

---

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara om sikring av bru som er lagra i Åråsvågen. Dette er «kunstbrua» som var sett opp inne ved Zachariasbryggen i Bergen, og som vart kjøpt og frakta til Austrheim. Det var gitt eit byggeløyve til plassering ved Åråsvågen, det løyvet har gått ut. Kommunen har gitt pålegg om sikring av brua, og avstenging rundt, det er gjort. Forfallet i gang for konstruksjonen, kommunen vil følgja med vidare på kva som skjer her.

Ordførar Per Lerøy (Ap) stadfesta at brua er innestengt med anleggsgjerde/sperreband. Lerøy viste til at det like ved er arbeid i gang med ein kai, som ikkje er sikra i det heile, og spurte om det ikkje bør sikrast der også.

Atle Utkilen (Bygdelista) sa at det var raskt handtert av kommunen med krav om sikring med gjerde rundt brua.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

#### **KS - 041/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

-----

#### **042/20: Budsjettoppfølgjing per februar 2020**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Budsjettoppfølgjing for februar 2020 vert teke til vitande.

#### **19.03.2020 FORMANNSKAPET**

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om økonomien per tredje kvartal 2019. (Sjå tertialrapporten som ligg ved møteboka)

- Gode skatteinntekter i 2019 var redninga for kommunen, og gjorde opp for at det ikkje kom utbytte frå AS Austrheim Næringssselskap. Kommunen nådde det målet som var sett om kutt i personalutgifter, men må samstundes ha med seg at noko av desse personalutgiftene vert fakturerte, som Nav og Nordhordland brann og redning. Etter kvart vert også lønsutgiftene til barnevern fakturerte, når dette kjem over i Alver.

Det er grunn til å vera nøgd med eit resultat på 4,1 millionar. Resultatet er rett nok ikkje ferdig revidert, men slik det er no ser det ut for at det står att 800.000 kroner igjen av tidlegare underskot,

som skal dekkast inn i løpet av inneverande år.

Ordførar Per Lerøy sa at Austrheim var godt i løypa for å klara å ta inn att underskotet i år, men det spørs no som kommunen er råka av både Korona- og oljekrise. Kommunen har gjort det ein kan politisk og administrativt for å klara å komma seg ut av Robek, men så kom dette.

---

Økonomisjef Olav Birger Andersen gjekk gjennom likviditetsoversikten (ligg ved møteboka).

- Kommunen har ein kassakreditt, men denne er ikkje i bruk per i dag. Det vert spennande framover, med den unntakssituasjonen som ein har no.

Ordførar Per Lerøy ba om at det vart gjeve kontinuerleg oversikt over skattesvikten i år, sett opp mot budsjetterte inntekter og saldo til same tid i fjor. Lerøy sa at ein må vera førebudd på at skatteinntektene kjem til å svikta i mai månad.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må vera tidleg ute og bremsa opp, dersom ein ser at inntektene sviktar.

Rådmann Liv Løvvik sa at for likviditeten vil det også slå ut at kommunen ikkje får inntekt frå barnehage og SFO.

Økonomisjef Olav Birger Andersen sa om lønsutgifter i 2020 at det vil slå ut med nye kommunalsjefar, og at det vil kosta noko at det er overlapping på jobben som økonomisjef, når Dommersnes er på plass frå 30. mars.

Andersen orienterte også om ei desinfiseringsmaskin som er kjøpt inn til Nordliheimen, tek 230.000 kroner frå investeringar til V/A og brukar til dette. Overføringa vert lagt inn i budsjettjusteringa for 1. tertial.

Ordførar Lerøy sa at skatteinngangen er 1,4 millionar over så langt i året, men at det nok kjem ein trøkk i mai. Viktig at Austrheim får svikten kompensert av Staten, som ein av dei kommunane som er ilandføringskommunar for olje og store på oljeservice. Austrheim må synga ut om situasjonen, det er ikkje så mange andre kommunar som er i ein tilsvarande situasjon.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at fallet i oljeprisen kan gje ein lengre stopp enn Korona. Nokre av dei permitterte kan verta ute meir langvarig, dersom bedriftene ikkje vil ta dei inn att.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein i tidlegare kriser har sett at arbeidsgjevarar vegrar seg for å gjera tilsettingar etter at ein like før har redusert i arbeidsstokken.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

### **FS - 024/20 - 19.03.2020 - Vedtak:**

Budsjettoppfølging for februar 2020 vert teke til vitande.

### **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Økonomisjef Olav Andersen gjekk gjennom saka. Han sa at Austrheim kommune fekk ein flying start på året, med blant anna gode skatteinntekter. Etter ein god start er ein i mars-rekneskapen om lag på budsjett. Men kommunen er no råka hardt av Korona-situasjonen, og ein reknar med ein svikt i skatteinntekter på 8,5 millionar kroner for resten av 2020. Andersen viste til at det kjem ei meir omfattande økonomi-oppdatering til formannskapet torsdag 7. mai.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at Regionrådet har gitt ei oversikt over arbeidsløyse. Austrheim har no 7,5 prosent arbeidsløyse, for resten av landet er det 9,6 prosent arbeidsløyse. Kan håpa at det ein ser no, er at trenden snur. Ser frå aktiviteten på Mongstad at den tek seg opp, kan håpa at dette slår bra ut for Austrheim.

Rådmann Liv Løvvik viste til at med 8 million i skattetao så når ein ikkje langt med 2,2 millionar i Korona-støtte. Rådmannen reknar med at det kjem fleire statlege støttepakkar etter kvart. Austrheim

har hatt rundt 2 millionar i Korona-relaterte utgifter til no, og det er sjølv utan at kommunen har fått inn smitte.

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til tal frå KS om at samla skattetao og andre kostnader for kommunane i år er estimert til 22 milliardar kroner. Ut i frå folketal vil det vera 11,5 millionar for Austrheim kommune.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **KS - 042/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Budsjettoppfølging for februar 2020 vert teke til vitande.

-----

#### **043/20: Dagsturhytte i Austrheim kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Framlegg om å seia ja til dagsturhytta, men utsetja å ta stilling til plasseringa.

Austrheim kommune etablerer på gbnr. 131/277 og på kommunal grunn ei Dagsturhytte på opparbeidd plass ved Vardetangen. Avtale om tilsyn av hytta vert gjort med Fønnes Bygdelag etter at byggjeløyyvet her er formelt på plass. Signering av kontrakt om leveranse og bygging av Dagsturhytte i 2020 vert gjort med leverandøren som får anbodet av Vestland fylkeskommune. Kostnaden totalt med ei ramme på inntil kr 500 000 vert finansiert frå investeringsbudsjettet 2020 og reduserer investering i vann og avløp tilsvarande. Spelemidlar vert då mellomfinansierte med 333 000 kr. Spelemidlar er ikkje søkt enno, med kan tidlegast reknast inn frå 2022.

#### **23.04.2020 FORMANNSKAPET**

foreslått av:

Austrheim kommune etablerer på gbnr. 131/277 og på kommunal grunn ei Dagsturhytte på opparbeidd plass ved Vardetangen. Avtale om tilsyn av hytta vert gjort med Fønnes Bygdelag etter at byggjeløyyvet her er formelt på plass. Signering av kontrakt om leveranse og bygging av Dagsturhytte i 2020 vert gjort med leverandøren som får anbodet av Vestland fylkeskommune. Kostnaden totalt med ei ramme på inntil kr 500 000 vert finansiert frå investeringsbudsjettet 2020 og reduserer investering i vann og avløp tilsvarande. Spelemidlar vert då mellomfinansierte med 333 000 kr. Spelemidlar er ikkje søkt enno, med kan tidlegast reknast inn frå 2022.

Avdelingsleiar for plan-, bygg-, oppmåling- og miljø Asbjørn Toft gjekk gjennom saka.  
- Slik det ligg an no er det 167.000 kroner i kostnad for kommunen etter at ein reknar inn tilskot frå Vestland fylke, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, MVA-kompensasjon og spelemidlar.  
Kommunen har gjort klar for samarbeid med Fønnes bygdelag om tilsyn, så langt er det toalett i

Årvika, og treng også noko ved kaien på Vardetangen.

Må ha dispensasjon for bygging i strandsone og LNF, om alt dette kjem på plass så kan hytta komma på plass i løpet av 2020.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han har vore i kontakt med Skyss om venterom/ toalettfasilitetar på hurtigbåtkaien ved Vardetangen. Skyss er positive, men dette er ikkje deira bord, og Lerøy vart vist vidare til Vestland Fylkeskommune for å ta saka vidare. Ser for seg noko liknande det ein har på Sævrøy ferjekai, eit funksjonelt bygg med venterom og toalettfasilitetar, som vil vera bra både for dei reisande og for turgåarar. Ein kan rusta opp parkeringsplassen på Vardetangen med enkle grep, og kan der auka kapasiteten dobbelt opp ganske raskt, det vil gje i alt fire plassar å parkera rundt denne dagsturhytta.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at administrasjonen har gjort det politikarane har bedt om i denne saka, og følgd opp tidlegare vedtak. I utgangspunktet kunne Dyrkolbotn tenkt seg ei anna plassering, som Seteneset. Men slik situasjonen er økonomisk i kommunen er Vardetangen det beste. Der er det ferdig planert, og kan få hytta opp og stå ganske raskt. Så må administrasjonen ta signalet frå formannskapet om at ein kan få til ei dagsturhytte også ein meir sentral plass i kommunen etter kvart, som tillegg til Vardetangen. Elles må ein sjå til at hytta vert halden ved like ved stort besøk.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig å gjera det turområdet ein har på Vardetangen ferdig og komplett, gjerne med å kombinera med toalett. Kan gjerne få fleire dagsturhytter, med erfaringa etter kvart på korleis dette fungerer.

Per Lerøy (Ap) sa at ei dagsturhytte på Vardetangen kjem tett på skular/barnehage, og har god parkering. Den vil også vera eit godt tilbod for turar eller fisketurar for dei som bur på Mongstad i anleggsleiren, og gjera det kjekkare for dei som bur og jobbar der. Har tru på at Fonnes bygdelag vil halda denne hytta godt i hevd.

Morten Sognnes (H) sa at Vardetangen er merkevara for Austrheim, og med universelt utforma veg, toalett/parkeringsplassar er dette absolutt rette plassen å plassera ei slik hytte.

Inger Lise Brekke (H) spurte om finansiering, får kommunen dekkja dette?

Asbjørn Toft svara at ein kan venta tippemidlar i 2022. Totalutgift for kommunen er slik fylket ser det 167.000 kroner eller mindre, men må mellomfinansiera tippemidlar/MVA. Kommunen får ikkje tilskot til meir enn ei hytte, Alver søkte før dei vart ein kommune og får tre hytter.

Per Lerøy (Ap) viste til at estimatet for hytta er 1 million kroner, men det inkluderer ein del som alt er gjort, som grunnarbeid, og i tillegg kan ein bruka lastebil og ikkje helikopter for å få hytta på plass. Har mykje på plass av kostnader som ein har teke allereie.

Helge Dyrkolbotn (KrF) fekk ordet og klargjorde at han ikkje legg opp til noko diskusjon om plassering. Kjemp flott med Vardetangen.

Rådmann Liv Løvvik sa at dette vert ei spektakulær plassering, samstundes som der er universell tilkomst. Her kan ein også få til noko med venterom/toalett på Vardetangen. Med ein pakke til ein million kroner, der ein betaler 167.000 kroner, så må ein berre slå til. Fylkesmannen er også positive. Kommunen må dra ned budsjettet rundt ein halv million for mellomfinansiering.

Håpet om ei hytte til skal ein halda varmt, men her er det ikkje alle som står klar med midlar.

Bygdelag kan også søka, gjerne direkte til Gjensidige eller andre.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 055/20 - 23.04.2020 - Vedtak:**



Austrheim kommune etablerer på gbnr. 131/277 og på kommunal grunn ei Dagsturhytte på opparbeidd plass ved Vardetangen. Avtale om tilsyn av hytta vert gjort med Fønnes Bygdelag etter at byggjeløyvet her er formelt på plass. Signering av kontrakt om leveranse og bygging av Dagsturhytte i 2020 vert gjort med leverandøren som får anbodet av Vestland fylkeskommune. Kostnaden totalt med ei ramme på inntil kr 500 000 vert finansiert frå investeringsbudsjettet 2020 og reduserer investering i vann og avløp tilsvarande. Spelemidlar vert då mellomfinansierte med 333 000 kr. Spelemidlar er ikkje søkt enno, med kan tidlegast reknast inn frå 2022.

### **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Utsetting av plassering foreslått av: Atle Dag Utkilen

Framlegg om å seia ja til dagsturhytta, men utsetja å ta stilling til plasseringa.

Formannskapetets vedtak: foreslått av:

Austrheim kommune etablerer på gbnr. 131/277 og på kommunal grunn ei Dagsturhytte på opparbeidd plass ved Vardetangen. Avtale om tilsyn av hytta vert gjort med Fønnes Bygdelag etter at byggjeløyvet her er formelt på plass. Signering av kontrakt om leveranse og bygging av Dagsturhytte i 2020 vert gjort med leverandøren som får anbodet av Vestland fylkeskommune. Kostnaden totalt med ei ramme på inntil kr 500 000 vert finansiert frå investeringsbudsjettet 2020 og reduserer investering i vann og avløp tilsvarande. Spelemidlar vert då mellomfinansierte med 333 000 kr. Spelemidlar er ikkje søkt enno, med kan tidlegast reknast inn frå 2022.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om arbeidet som er gjort i denne saka, etter vedtak i kommunestyret tidlegare. Det er ei ferdig planert tomt på Vardetangen, 40 meter frå sjølve varden. Det var tidlegare aktuelt med hytte gitt av Utetuas AS, men det er ikkje aktuelt no. Kommunen eig grunnen, og slepp bruka pengar på det. Det er ein fordel også at det er tilgang på parkering. Elles er det tilgang på toalett ved Årvikane, men må jobba vidare med ei sak om toalett i nærleiken av kaien på Vardetangen. Maksimal kostnad for kommunen skal vera 167.000 kroner, men Toft trur det skal vera rimelegare sidan kommunen har ferdig tomt.

Atle Utkilen (Bygdelista) spurte korleis ein hadde inkludert lag og organisasjonar i plasseringa av hytta. Utkilen sa at slik han såg det er det jobba i to år med ei hytte på Vardetangen, og når det no kjem dagsturhytter så hoppar ein på med ei hytte der. Utkilen spurte om ein er låst til plassering no, eller kan ein spørja innbyggjarane om kvar hytta skal stå. Skulle gjerne hatt arkitektkonkurranse og fått eit signalbygg. Utkilen etterlyste om kommunen har spurt idrettslaget om å delta i arbeidet, og spurte om det er krav frå fylkeskommunen om involvering i prosjektet. Sa at kommunen burde skilt oppgradering av Vardetangen og dagsturhytte i to prosjekt.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at ho har fått innspel på dette med involvering, og spurte om det er etterlyst innspel frå fleire om plassering og vedlikehald av hytta. Sa at det vera uheldig for saka om ikkje fleire er involverte.

Avdelingsleiar Toft sa at plasseringar har vore diskutert tidlegare i formannskap og kommunestyre. Fylket ønskjer at enkelte hytter er universelt tilgjengelege, og ein av dei få plassane dette er mogleg i heile Vestland er nettopp på Vardetangen, mange andre hytter vert meir utilgjengeleg plasserte. Har sett på Bergen omland friluftsråd sitt areal på Øksneset, men det er ikkje så mange som bur i gangavstand derifrå. Kommunen vil satsa på Vardetangen, som er eit viktig mål for Nordhordland og vidare omegn. Med eit bygdelag som har engasjert seg på ein flott måte, så var det naturleg å spørja dei. Det har ikkje komme noko initiativ frå andre lag eller grunneigarar. Når det gjeld Seteneset manglar det grunneigaravtalar og det er dårleg veg ut, arealet har vore lite tilgjengeleg i mange år. Fosnstraumen er også veldig flott, men her har ein ikkje areal sjølve. På Vardetangen har ein god kontroll både på ferdsel, og økonomisk med eiga tomt.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at ein gjerne skulle hatt større engasjement og meir involvering, men trur at med den tilrettelegginga som er på Vardetangen og med økonomien, så ville det ha enda med Vardetangen uansett. Dagsturhytta vil løfta Vardetangen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Vardetangen oppfyller mange kriteria, som parkering, det er nær skule og barnehage og nær kollektivtrafikk. I tillegg er det starta dialog med Vestland Fylkeskommune om venterom på Vardetangen med tilhøyrande toalett. Som fleire har sagt er denne hytta ei komplettering av Vardetangen som friluftsområde. Det er ingen andre lag og organisasjonar enn Naturvernforbundet som har vore på bana i denne saka.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara på spørsmål frå Atle Utkilen (Bygdelista) om fristen for å avgjera lokalisering. Vestland fylkeskommune signerer no snart kontrakt med firma som skal levera hyttene, deretter skal kommunane signera. Skal me ha hytte no så må me handla no, og her er det også eit lag på plass som vil ta ansvaret for vedlikehald (Fonnes bygdelag).

Reidar Øksnes sa at ved Øksnes er det alt eit hytte, og er ein ikkje så usamde på Øksnes at ein ikkje kan dela hytte. Er glad for at Fonnes bygdelag er med. Elles må ein følgja opp at avtalar med Utestua AS vert terminerte. For å følgja opp satsinga på Austrheim som ein plass å reisa til, må vel ei hytte i Krossøygavelen vera det neste? Kanskje kan Vardetangen-dagsturhytte gje rom for hotell.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at ho er samd i at plasseringa er bra. Men det er viktig at det er openheit i desse prosessane slik at alle kjenner seg godt noko informert, slik at alle kan uttala seg og seia sitt.

Morten Sognnes (H) sa at noko kritikk vert det uansett. Dette er ei gladsak med dagsturhytte på landets vestlegaste fastlandspunkt, der er det parkering, universell tilgjenge, og kort veg for både skule og barnehage. Det er stor dugnadsvilje i Fonnes bygdelag. Ein må gjerne ha fleire slike hytter, andre må gjerne legga seg i selen og legga til rette med turveg og anna. Skal ein nytta så må ein yta!

Reidar Ulvøy (Ap) sa at han er nøgd med prosessen som har vore, og at hytta har fått ei god plassering.

Atle Utkilen (Bygdelista) sa at han synest prosessen med kvar hytta skal plasserast har vore for dårleg. Det er mange i kommunen som er aktive i å få ting til. Er samd med Lerøy i at stiane på Austrheim er for dårlege, og synest Vardetangen skulle hatt eit anna bygg, eit signalbygg. Utkilen vil utsetta plassering av hytta.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at ho støttar Morten Sognnes og Reidar Ulvøy i at dette kan skapa engasjement for at ein kan få på plass fleire dagsturhytter andre plassar i Austrheim.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte Utkilen/Bygdelista om kommunestyret ikkje skulle gjera dette vedtaket i dag, og kven som skal finansiera eit signalbygg på Vardetangen. Dyrkolbotn vil gå for framlegget til vedtak, og gjera Vardetangen til eit utfartsområde for heile regionen. Har ikkje sett at andre lag har sagt at dei vil ta på seg vedlikehald av denne hytta.

Atle Utkilen (Bygdelista) svara med replikk, og sa at han meiner at ein kan teikna utradisjonelt bygg på Vardetangen, og la til at han ikkje synest prosessen har vore god nok.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho ikkje støtta ei utsetting, men ba om at administrasjonen sikrar god informasjon til alle.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein i dette tilfellet får ei hytte til ein million til 167.000 kroner.

Fylkesmannen har godtatt at ein kan bruka forserte VA-midlar til finansiering/forskottering av MVA og spelemidlar.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at hytta vert ein attraksjon som den vestlegaste hytta i fastlands-Norge. Den skal glir godt inn i landskapet, byggesakshandsaminga skal sikra ei god plassering. Har diskutert andre lokalitetar, som Krossøygavlen, men der er det ikkje sti og parkering som kan ta unna for 10-15.000 ekstra gjester i året. Må ha eit område som toler denne typen trafikk og belastning, utan konflikt med bygdefolk og naboar.

Per Lerøy (Ap) viste til at kommunen eig eit bygg ved Hoplandskvernene, eit sagbruk som kan verta ei dagsturhytte slik nothuset er det i Øksneset. Kommunen kan dekkja opp fleire området med desse hyttene.

Aslak Bakke (H) spurte om kva avtalar som ligg med Utestua AS om dagsturhytte på Vardetangen og brua som er lagra i Åråsvågen. Kva er gjort, og korleis er dette følgd opp?

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara om dette at byggeløyvet til brua var gitt i 2015 og har gått ut. Markhus må tenka gjennom kva som skal gjerast med denne. Avtalen om å gje ei hytte er kvittert ut, det prosjektet er skrinlagt. Ordførar Lerøy følgde opp med at det ikkje har vore ein skriftleg avtale om dette med hytte på Vardetangen, men at Bjørn Rune Markhus kom med framlegg om at dei kunne donera ei hytte til området, frå selskapet Utestua AS. Dette er ikkje aktuelt i dag.

Ordførar Lerøy sa vidare at ein ikkje har tapt noko økonomisk på at avtalen med Utestuas AS vart kansellert. I neste tur må det gjerne komma hytte i Krossøygavelen, det hadde vore unikt. For turstiar elles i kommunen er det ei utfordring med dårlege stiar rundt om. Er mange turstiar som har blitt til elvar og er nær sagt uframkommelege.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegg om å seia ja til dagsturhytta, men utsetja å ta stilling til plasseringa.

(Nedstemt mot ei røyst, Atle Utkilen, Bygdelista)

Formannskapet si tilråding:

Austrheim kommune etablerer på gbnr. 131/277 og på kommunal grunn ei Dagsturhytte på opparbeidd plass ved Vardetangen. Avtale om tilsyn av hytta vert gjort med Fønnes Bygdelaag etter at byggjeløyvet her er formelt på plass. Signering av kontrakt om leveranse og bygging av Dagsturhytte i 2020 vert gjort med leverandøren som får anbodet av Vestland fylkeskommune. Kostnaden totalt med ei ramme på inntil kr 500 000 vert finansiert frå investeringsbudsjettet 2020 og reduserer investering i vann og avløp tilsvarande. Spelemidlar vert då mellomfinansierte med 333 000 kr. Spelemidlar er ikkje søkt enno, med kan tidlegast reknast inn frå 2022.

(Vedteke mot ei røyst, Atle Utkilen, Bygdelista)

#### **KS - 043/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Austrheim kommune etablerer på gbnr. 131/277 og på kommunal grunn ei Dagsturhytte på opparbeidd plass ved Vardetangen. Avtale om tilsyn av hytta vert gjort med Fønnes Bygdelaag etter at byggjeløyvet her er formelt på plass. Signering av kontrakt om leveranse og bygging av Dagsturhytte i 2020 vert gjort med leverandøren som får anbodet av Vestland fylkeskommune. Kostnaden totalt med ei ramme på inntil kr 500 000 vert finansiert frå investeringsbudsjettet 2020 og reduserer investering i vann og avløp tilsvarande. Spelemidlar vert då mellomfinansierte med 333 000 kr. Spelemidlar er ikkje søkt enno, med kan tidlegast reknast inn frå 2022.

---

#### **044/20: Prikktildeling Kilstraumen Brygge AS**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kilstraumen Brygge AS vert tildelt i alt 6 prikkar for dei brota som skjenkekontrollen avdekket i kontrollen 25. desember 2019. Prikkane vert ståande i to år frå denne datoen, fram til 24. desember 2021.

### **19.03.2020 FORMANNSKAPET**

I denne saka var det to ugilde, som vart erstatta av vararepresentant.

Helge Dyrkolbotn (KrF) har eigarinteresser i Kilstraumen Brygge AS, for han møtte Randi Keilegavlen Dyrøy.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn er sonen til Helge Dyrkolbotn, for Bjørn Inge H. Dyrkolbotn møtte Lise Renate Helle.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

### **FS - 032/20 - 19.03.2020 - Vedtak:**

Kilstraumen Brygge AS vert tildelt i alt 6 prikkar for dei brota som skjenkekontrollen avdekket i kontrollen 25. desember 2019. Prikkane vert ståande i to år frå denne datoen, fram til 24. desember 2021.

### **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

I denne saka var det to ugilde representantar. Helge Dyrkolbotn (KrF) er involvert i selskapet Kilstraumen Brygge AS og er ugild. Representanten Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) er son av Helge, og er ugild gjennom dette slektskapet. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det var vurdert å henta inn vara, men at ein konkluderte med at denne saka heller vart handsama av 15 representantar.

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka. Kilstraumen Brygge AS vert tildelt i alt 6 prikkar for dei brota som skjenkekontrollen avdekket i kontrollen 25. desember 2019.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om kva handlingsrom det var for å vurdere tal prikkar.

Sakshandsamar Ketil Tjore svarte at dette er regulert i alkoholforskrifta, og at det berre er i heilt spesielle tilfelle at ein kan fråvika talet prikkar som skal tildelast.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapets framlegg til vedtak vedteke med 15 av 15 røyster.

### **KS - 044/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Kilstraumen Brygge AS vert tildelt i alt 6 prikkar for dei brota som skjenkekontrollen avdekket i kontrollen 25. desember 2019. Prikkane vert ståande i to år frå denne datoen, fram til 24. desember 2021.

---

**045/20: Skilting Vardevegen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre vedtek innføring av einvegskjøring på strekninga kryss mot Kalandsjøen til kryss ved Kalandsneset med innkjøring frå sør i tidssona 0800-1500 måndag til fredag.

### **19.03.2020 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, var inne på møtet via Teams. Myrmel orienterte om status for hjartesoneprosjektet på Kaland. Der gjekk det 170.000 kroner til riving av Vardehuset, noko som eigentleg ikkje var inne i prosjektet, og så skal det gjerast litt arbeid med asfalt der Vardehuset stod, det er hekkar som skal opp og noko skilting. per i dag er det ei overskriding på prosjektet på kring 41.000, og det trengs 100.000 kroner i tillegg for å gjera alt arbeidet ferdig. Når ein tek inn at Vardehuset ikkje var del av prosjektet er resten løyst for 30.000 kroner under ramma. Overføringa som trengs ekstra vil ein ta frå ramma sett av til investeringar i V/A.

Myrmel sa om skilting ved Kaland skule at det skal skiltast med einvegskjøring (i skuletida) frå Kaland skule mot Fønnes senter. Dette er slik ein i prinsippet har det i dag, men utan skilting. Målet er å redusera kjøringa så mykje som mogleg, og med einvegskjøring i skuletida så skal ein unngå at folk svingar inn på plenar for å kunna passera kvarandre. Det vert einvegskjøring i tidsrommet 08-15, måndag til fredag.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er eit forsøk, fungerer det ikkje så må ein gjera om på dette.

Morten Sognnes (H) sa at no er det laga eit flott gangfelt til skulen frå Fønnes senter, så no får folk bruka dette. Det er berre 2-300 meter frå Fønnes senter og ned til skulen, skal ikkje vera nødvendig å kjøra heilt fram.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at det er bra det vert gjort noko, slik det er i dag fungerer det ikkje. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om skulebussen at prinsippet er kantstopp, men det må vera korte stopp, bussen kan ikkje stå der lenge. Har vore og sett, og då fungerte det bra med korte kantstopp. Vidare gjeld det å ha litt tolmod og læra folk korleis dei skal ordna dette, men om det ikkje fungerer over tid så må ein ta grep med ombygging/skilting. Heile Hjartesone-prinsippet er at ein ikkje skal ha bilar tett innpå skulen, og lærarar og elevar har gjort dette bra.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

### **FS - 025/20 - 19.03.2020 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtek innføring av einvegskjøring på strekninga kryss mot Kalandsjøen til kryss ved Kalandsneset med innkjøring frå sør i tidssona 0800-1500 måndag til fredag.

### **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Det er praktisert einvegskjøring på det aktuelle strekket, no vil ein skilta tilsvarande det som er praksis med einvegskjøring frå 0800 til 1500. Det har vore litt innkjøringsproblem etter omlegginga, men opplever at det går betre no. Dette arbeidet med hjartesone på Kaland er finansiert med å ta litt frå investeringsramma på VA, det er litt overskriding etter at ein reiv Vardehuset som del av prosjektet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om det var avtala at kommunen skulle hjelpa med riving av

Vardehuset. Myrmel svara at det var slik det var oppfatta frå starten, at kommunen skulle fjerna huset ved behov, og i denne saka er det uansett ingen å krevja uansett. Vardehuset stod på kommunal grunn, forfallet hadde starta, og det var ikkje eit bygg kommunen kunne gjera seg nytte av. Arbeidet er gjort med veldig bra resultat, kommunen får gode tilbakemeldingar på det som er gjort.

Rådmann Liv Løvvik sa at Vardehuset måtte rivast for å gjera det tryggare for barna som skulle ferdast der.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om finansieringa av meirarbeidet bør inn i vedtaket, sidan det er ei overskriding av ramma. Etter innspel frå ordførar Lerøy var det semje om at overskridinga vert teke opp som del av budsjettjusteringa seinare i vår.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **KS - 045/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtek innføring av einvegskøyning på strekninga kryss mot Kalandsjøen til kryss ved Kalandsneset med innkjøring frå sør i tidssona 0800-1500 måndag til fredag.

---

#### **046/20: Endring - ny varamedlem forliksrådet**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Valnemnda kjem med namn på ny kandidat i møtet.

Etter framlegg frå valnemnda: Siri Kaland (Ap) går ut som varamedlem, og vert erstatta av Magnus Kvingedal (H).

#### **30.04.2020 KOMMUNESTYRET**

foreslått av:

Etter framlegg frå valnemnda: Siri Kaland (Ap) går ut som varamedlem, og vert erstatta av Magnus Kvingedal (H).

Ann Kristin Leirvåg (Ap) frå valnemnda orienterte om at dei har diskutert kven som skal skiftast ut for å få ein mann inn på varaplass. Konklusjonen er at Siri Kaland (Ap) går ut, og vart erstatta av Magnus Kvingedal (H).

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at heile valnemnda vert teke med i eventuelle seinare diskusjonar. Dette støtta Ann Kristin Leirvåg (Ap) og tok sjølvkritikk på det.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for valnemnda sitt framlegg

**KS - 046/20 - 30.04.2020 - Vedtak:**

Etter framlegg frå valnemnda: Siri Kaland (Ap) går ut som varamedlem, og vert erstatta av Magnus Kvingedal (H).

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/20	Kommunestyret	PS	14.05.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/412

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger: